

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Åsane

Emne: Helsing

Bygdelag:

Oppskr. av: Edv. Haukedal

Gard:

(adresse): Hylkje

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og samtale med andre.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja vert uttrykt med nikk, nei med leing på hovudet.
2. För helste folk på alle, det var ikkje så mange folk
å möta då. No helsar ein helst berre på kjende.
3. Nei, svært lite av reglar for det her.
4. Ein stansa og prata litt.
5. Helsingmåtane har her vore svært like for alle.

Ikkje brukt å ta hatten av for einannan.

Presten tok dei gjerne hatten av for
6. Veit ikkje av det har vore brukt her.
7. Helgekledd var ein meir vyrdeleg i ord og åtferd.
8. Handhelsing var meir bruka før enn no. På kyrkjeveg
og ved kyrkja handhelsa dei alltid på einannan.
I arbeidslag vart det mindre av det. Kvinnene heldt
lenger på det seg imellom enn mennene.
Når nokon kom på vitjing handhelsa dei alltid på
alle i stova, borna sist, alle kor små dei var.
9. Skulderklapp var lite bruka. Den som gjorde det heldt
ein for smiska eller han hadde i hovudet.
10. Mennene lyfta alltid på hatten mot kyrkjeklokka, også
når dei var i arbeid. Kvinnene gjorde ingenting.
11. For lik var det halde for god sed å stå stille med
bert hovud til følgjet var framom. För brurföljje veit
eg ikkje av at dei gjorde noko sers.
12. För 50 år sidan hugsa eg dei fortalte om namngjevne
eldre folk som brukte å seia "God jul," då dei kom
i fjösen Juledagsmorgonen.
13. "God morgen," er etter måten nytt her i bygda og er
kome inn frå byen. Her brukte dei "Goddag" og "Farvel"
heile dagen.

14. Dei som tok til å bruka "God Morgen" vart sett på som dei ville vera tilgjort og fine.

15. No svarar ein jamnast med same ord det vert helst 16. med og bryr seg lite om kva ord det er. Likevel reagerar litt eldre menneske når mange yngre no har lagt seg til å seia "Gokvels". "Morn" har vore bruka mykje til alle tider på dögret no i mange år, men i det siste er det kome i bruk å seia "Go midda" og "Go kvell", og når det er litt högtidelegare "God natt".

17. Signe arbeidet", "Signe kvila" og "Signe maten" har 18. vore bruka til seinare tid. "Sit i freden" var og bruka når nokon sat og kvilde! Lukka i arbeidet," har vore likså mykje bruka som helsingsord til dei som var i arbeid med noko. Svaret har vor "Takk" eller berre "Å eg veit ikkje om det noko lukka med det". Til "Signe kvila" og "Sitje i freden" svara dei "Takk, kom so te".

19. Ja, ofte med "Goddag i stova".

20. Ingen sers måte anna ein gjerne sa ein villa tala med han under 4 augo.

21. Ja. Inne sa dei ingenting, men skunda seg og rydda så 22. det ~~det~~ skulle vera fjelgt å ta mot folk. Så gjekk dei og let opp. Han som kom inn vart ståande til 23. dei sette fram stol eller viste til sætes og sa: 24. "Du må setja deg innar". Han tok hovplagget av straks han kom inn.

25. "Du må 'kje vera framande'. Du må setja deg".

26. Ikkje stort.

27. Sameleis som elles og la til: "Er det langfarandes folk som er ute og ferdast?"

28. Nei.

29. Sameleis som andre, men ein la til "Velkommen" i helsinga.

30. Farvel-farvel.

31. a) Farvel, og lev vel.
b) Farvel.

32. Nei.

33. Kyssing har ikkje vore bruka slik. Av foreldre var det råd at mora kyste born, men elles ingen.

34. Nei, ikkje noko.

35. Nei.

37. Nei

38. Vera god.

39. Dei brukte å byta nase som ei lita erting og leik.

40. Det var ikkje nokon skilnad på kvan som gjorde det.

41. Ja. Dei tok om nasen og viste etterpå med ein finger mellom dei to at dei hadde ho. Det var å ta eller stela.

7982

42. Lite kjend. Foreldre, og andre like snart sa til born
43. at dei måtte vera god. Då var det meint å få kjær-
teikn av borna ved at dei tok ein kring halsen
og gav ein klem. Det var brukt ved velfar og det
var gjerne at borna skulle visa si takksemd for
slikt dei hadde fått.
44. "Til lukka" var helst til brurfolk. Sidan vart det
"Gratulerar".
"Til lukka" og "Slit med helsa" vart og brukta når
det var ting ein hadde fenge.
45. God jol, godt nyttår, til lukka eller gratulerar.
46. Ved dödsfall var det helst å tegja, men gje uttrykk
ved å klemma handa sers hارد og lenge.
47. Ved handslag og gjerne mange ord.
48. Ikkje kjend.
49. Ved å snu bakenden til og setja ~~sætja~~ han godt
ut. Aller störst vanvyrnad viste eit kvinnfolk
når ho viste ein berre reva. Det var berre kvin-
folk som uttrykte vanvyrnad på den måten.
50. Det vanlege ~~mrxdxxxtixxxt~~ har vori du til alle.
No er det "DI" til alle somer rekna ~~for~~ framande.
51. Nei.